

Ætt skal fylgje ætterad

Døpte *

Bykle sokn

22.03 Theodor Eriksen Trydal i Bykle kyrkje
19.04 Tarjei Aleksander Gautland i Fjellgardane kyrkje
3.05 Therese Norma Sveen i Bykle kyrkje

Valle og Hylestad sokn

8.03 Theodor Høyland-Langåsdaalen i Valle kyrkje
5.04 Nora Cecilie Saadeh Lien i Valle kyrkje
5.04 Maia Jamila Saadeh Lien i Valle kyrkje
3.05 Sondre Hofstad Bratteland i Hylestad kyrkje
24.05 Tuva Juvastøl Rygnestad i Valle kyrkje

Avlidne *

Bykle sokn

Bakken Berit Laate f. 1944 d. 8.12.25
Mosdøl Angerd f. 1947 d. 12.01.26
Bakke Øyvind f. 1944 d. 29.01.26

Valle og Hylestad sokn


Hallvard Holum f. 1953 d. 26.11.25
Janet Lilian Rygnestad f. 1934 d. 16.12.25
Gunhild K Rygnestad f. 1937 d. 26.12.25
Ragnhild Hamre f. 1933 d. 22.01.26
Thorleif Sagneskar f. 1958 d. 24.01.26
Birgit Hoslemo Brokka f. 1935 d. 28.02.26
Marianne Renate Brenna Homme f. 1958 d. 4.03.26
Knut S Uppstad f. 1947 d. 23.03.26
Tor A Hovet f. 1937 d. 17.04.26
Daniel B Harstad f. 1943 d. 26.04.26
Aud Cecilie Laasbye-Sagneskar Slettbakk f. 1991 d. 8.05.26

Lær oss å telja våre dagar


så vi kan få visdom i hjartet!

Salme 90,12

Ny bønvegg i Hylestad og Valle kyrkje



«Lat småborna koma til meg, og hindra dei ikkje!
For Guds rike høyrer slike til.
Luk 18,16



*Ein fin liten blome i skogen eg ser,
I granskogen diger og dryg,
Og vent mellom mose og lyng han seg ter.
Han står der så liten og blyg.*

*Sei ottast du ikkje i skogen stå gøymd.
Der skuggane tyngje deg må?
-Å nei, for av Herren eg aldri vert gløymd,
til ringaste blom vil han sjå.*

*Men ynskjer du ikkje i prydhagen stå,
der folk kunne skoda på deg?
-Å nei, eg trivst best mellom ringe og små,
eg føddest til skogblome eg.*


*Om enn eg er liten, har Herren meg kjær,
med honom eg kjenner men sæl.
Kvar morgon meg bøna til himmelen ber,
med bøna eg sovnar kvar kveld.*

*Som blomen om vinteren visnar eg av,
men gler meg, for då står eg brud.
Lat lekamen kvila med fred i si grav,
mi sjel, ho er heime hos Gud.*

*Ja, glad skal eg vakna hos Jesus eingong,
i morgonen ævele klår.
Og blanda med heilage englar min song
i himlen, dit døden ei når!*

T Johan Alfred blomberg, O Anders Hovden
M Bjørn Eidsvåg

Bispevisitas i Valle og Bykle frå 8. - 13. september 2026



Det er ei spanande tid for oss tilsette. Alt som skal planleggast og førebuaast tek si tid. Når den generelle planen er lagt skal alt fyllast med innhald. Gudsteneste, program av ulikt slag med musikk og kulturelle innslag.

Kyrkjeverjene har ei sentral rolle og dei er motiverte for oppgåvene. Som ein del av førebuingane til visitasen har dei hatt synfaring og samtaler med Geir Myre - Rådgjever og ansvarleg for kyrkjebygg på bispekontoret. På bildet er Ingunn Nordmo Sagland, kyrkjeverje i Valle, saman med Geir Myre.



Biskop i Agder og Telemark, Stein Reinertsen, Reinertsen er født i 1960 og ble tilsatt som biskop i Agder og Telemark bispedømme i 2012.

(Foto: Øystein Ramstad)

Det var bispevisitas i Valle og Bykle sist i 2017. Då var det og Stein Reinertsen som var her.

Me er i gang med førebuinga av bispevisitasen. Det blir eit variert og tett pakka program. Han skal ha møter med kommuneadministrasjonane og privat næringsliv. Det blir opplegg med born, unge og eldre. Opne kulturprogram og samtaler med tilsette. Søndagen blir det gudsteneste i Valle kyrkje og visitasforedrag.

Dette året har me i Valle og Bykle valt å be / lese Frans av Assisi si bøn på kvar gudsteneste. Her er litt bakgrunn om denne bøna.

Soga om Frans av Assisi si bøn

(ofte kalla Fredsbøna) er interessant fordi ho, trass i namnet, ikkje er skriven av Frans av Assisi sjølv. Ho er derimot sterkt inspirert av livet, ånden og gjerninga hans. Her er saga bak bøna og mannen: Opphavet til bøna

- Ukjend forfattar: Bøna dukka opp tidleg på 1900-talet, truleg rundt 1912–1913 i Frankrike, i eit tidsskrift som heitte La Clochette.
 - Tilknytning til Frans: Sjølv om ho ikkje er skriven av Frans, fangar ho essensen av spiritualiteten hans – ønsket om å vere ein reiskap for fred, kjærleik og forsoning.
 - Utbreiing: Bøna vart seinare knytt til Frans av Assisi, særleg etter at ho vart brukt i samband med to verdskrigar og spreidd av pave Benedikt XV og seinare Mor Teresa.
- Frans av Assisi (1182–1226)
For å forstå kvifor bøna er knytt til han, må ein kjenne saga om Frans:
- Frå rikmannsson til tigger: Frans vart fødd i Assisi i Italia som son av ein rik tekstilhandlar. Han levde eit utagerande ungdomsliv før han valde å forlate all rikdom.
 - Grunnleggjar: Han grunnla Fransiskanarordenen i 1209, ein tiggerorden som legg vekt på fattigdom, audmjukskap og kjærleik til skaparverket.

* Gjeld etter førre utgåve av Vegleiaren



Gudstenester

Konfirmasjonsgudstenester

Laurdag 6. juni kl. 11.00 i Bykle kyrkje

Sundag 7. juni kl. 11.00 i Hylestad kyrkje

Laurdag 13. juni kl. 11.00 i Fjellgardane kyrkje

Sundag 14. juni kl. 11.00 i Valle kyrkje

Andre gudstenester

Sundag 28. juni kl. 16.00 i Bykle gamle kyrkje

Sundag 12. juli kl. 11.00 i Hylestad kyrkje

Sundag 26. juli kl. 11.00 i Bykle gamle kyrkje

Sundag 12. august kl. 12.00 på Tveitetunet

Sundag 23. august kl. 11.00 i Valle kyrkje

Sundag 6. september

kl. 11.00 i Hylestad kyrkje

kl. 16.00 i Bykle kyrkje

Sundag 13. september kl. 11

Visitasgudsteneste i Valle kyrkje

Andre arrangement

Tysdag 16. juni kl 19.00 Salmekveld i Hylestad kyrkje

ved Kristina Grundetjern og Eirik Hodnemyr

Onsdag 1. juli kl. 19.00 Orgelsommar i Valle kyrkje

ved Ilze Jaunzeme, Heike Eva Weiss og Claudia

Schmiedel

Onsdag 15. juli kl. 19.00 Orgelsommar ved Marina

Wikstad

Onsdag 26. august kl. 19.00 Orgelkonsert i Bykle

kyrkje ved "Komponistar frå Sørlandet"

Onsdag 19. september kl. 19.00 Salmar og song i

Bykle kyrkje ved Helga Victoria Aas Johnsen og Eirik

Hodnemyr

- Fredsstiftar: Frans er kjend for innsatsen sin for fred og forsoning i ei uroleg tid.
- Solsongen: Det mest kjende verket Frans skreiv sjølv, er Solsongen (Canticum fratris solis), ein lovsong til skaparverket.

(Etter Arne Berge - tidlegare sokneprest i Stavanger)



Frans av Assisis bøn

Herre,

gjer meg til ein reiskap for din fred.

Hjelp meg å spreia kjærleik der hatet herskar,

tru der tvil råder, håp der det er angst og naud.

Hjelp meg å få koma med tilgjeving der det er gjort urett,

å skapa forsoning der det er strid,

å spreia lys der det er mørke,

å gje glede der sorg tyngjer.

Meister,

hjelp meg å søkja ikkje så mykje å bli trøysta som å trøysta,

ikkje så mykje å bli forstått som å forstå,

ikkje så mykje å bli elska som å elska.

For ved å gje får vi,

ved å tilgje blir vi tilgjevne,

ved å missa Vårt liv finn vi det.

Det er ved å døy at vi står opp til evig liv.

Amen

(Denne omsetjinga: Erling Thu i Den store familiebøneboka)

Redaksjonen avslutta 27. mai 2026

Sokneprest Toralv Frøysaa Lie

Valle og Hylestad kyrkjekontor

Besøksadresse: Nordibøvegen 139, 4747 Valle

Postadresse: Pb 8, 4746 Valle

Tel: 474 82 359

E-post: post@valle.kyrkja.no

Bykle kyrkjekontor

Besøks- og postadresse: Sarvsvegen 14, 4754 Bykle

Tel: 952 75 070

E-post: post@bykle.kyrkja.no



NR 1 2026

JUNI

Kyrkja i Bykle, Valle og Hylestad

Me er kalla til å be og arbeide - Ora & Labora

Bøn er å lukke Jesus inn i hjartet vårt

"Sjå, eg står framfor døra og bankar. Om nokon høyrer mi røyst og opnar døra, då vil eg gå inn til han og halda måltid, eg med han og han med meg." Joh op 3,20

Me takkar og lovar Gud for alt han har gjort for oss, og ber om hjelp og vegleiing.

Me ber for for born og unge, for dei som blir døypt og for konfirmantane. Me ber for familiar og dei som er aleine, for dei som er i sorg. Alt kan me legge fram for Gud i bøn.

Kven ber du for?

Kunne me ta inn over oss det diktaren Mikal Aksnes uttrykte slik: "Den største glede ein kan ha, det er å gjera andre glad." Og vidare "- og vil du gjerne lukka nå, då først deg sjølv du gløyma må». Her er det djup visdom. Jesu ord kling med: "Alt de vil at andre skal gjera mot dykk, skal de òg gjera mot dei. For det er dette lova og profetane seier. Matt 7,12"

Toralv Frøysaa Lie, Sokneprest

*Be, så skal de få. Leit, så skal de finna.
Bank på, så skal det latast opp for dykk.
For kvar den som bed, han får;
og den som leitar, han finn,
og den som bankar på, skal det latast opp for.
Matteus 7,7-8*